



TUR NUMMER **2**

Varden

Turen startar ved parkeringsplassen ved Lye idrettshall, går vidare til Fugleparken, langs fotballbana ved Lye ungdomsskule og deretter til Lyevegen, over gjerdeklyvaren og fram til "Prestavegen". Gjesdal kyrkje var anneks til Lye prestegjeld frå om lag 1330 og fram til 1926. Namnet "Prestavegen" kjem av at presten nytta denne for å koma seg att og fram mellom kyrkjene sine. Vegen gjekk frå Lye over Åsen og til Gjesdal og var ein rideveg fram til 1837. Seinare vart vegen utbetra til køyreveg, og så til turveg i 2003.

Like inntil "Prestavegen" ligg to vindmøller. Desse vart fyrste gong sett opp i 2004 og kunne forsyne opp mot 100 bustader med straum. Dei som står der i dag er av nyare dato. Frå stien opp mot Varden (274 moh) kan ein sjå utbyggingsområde for nye bustader på Lyefjell og frå varden kan ein nyte flott utsikt over Jæren. Her kan du velge å gå vidare nordover langs steingarden til merkinga dreier mot venstre, eller å gå over Varden. Etter kvart kjem ein då inn i eit koseleg skogsområde, før turen går vidare til Grasdalen og Monsanut barnehage. Følg skiltinga mot etablert bustadfelt forbi Ragnestølberget barnehage. Vidare gjennom skogen kjem ein til brua over Lyevegen, og via små grøne område tilbake til Fugleparken.

Fakta om turen

Lengde: ca 6 km

Store deler i terreng

Belysning kun i byggjefelta

Teiknforklaring

Parkeringsplass

Barnehage

Utsiktspunkt

